



Statens vegvesen  
Postboks 8142 Dep  
0033 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2211 - 19/25602

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
27.08.2019

## Løyve til deling - gbnr 132/5 Soltveit nordre

**Administrativt vedtak:** Saknr: 474/19

Heimelshavar: Statens vegvesen

Søkjjar:

Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.

### Saksutgreiing

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom ved frådeling av om lag 750 m<sup>2</sup> frå gbnr 132/5. Hordaland fylkeskommune eig arealet, som har vore erverva i samband med bygging av «Nyevegen», som no heiter fylkesveg 568. Arealet har vore nytta som offentleg parkering, og no skal kommunen overta den delen av eigedommen som ikkje er del av fylkesvegen, i samsvar med kjøpekontrakt frå 2008. Det vert elles vist til søknad motteken 06.08.2019.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var klar for handsaming den 06.08.2019 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. forskrift om byggesak § 7-2 er 3 veker frå denne datoen.

#### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Alverstraumen del av 132 og 133 med plan-id 1263-16042004 definert som *parkering* og *anna trafikkareal*.

#### Dispensasjon

Tiltaket er i samsvar med plan.

#### Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla, då det ikkje skal etablerast nye grenser mot naboeigedommar. Naboar vert varsla om kartforretning i den grad det er nødvendig for gjennomføringa av deling etter Matrikkellova.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan motteken 06.08.2019.

### **Tilkømt, avkjørsle og parkering**

Avkjørsle er vist i reguleringsplan.

### **Vurdering av pbl § 26-1**

Oppretting eller endring grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-2, jf pbl § 20-1 første ledd bokstav m). Det følj vidare av pbl § 26-1 at oppretting/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomter som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det er synt i motteken 06.08.2019.

### **Konklusjon**

Kommunen gjev løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 750 m<sup>2</sup> frå gbnr 132/5.

### **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 750 m<sup>2</sup> frå gbnr132/5, på følgande vilkår:**

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan motteken 06.08.2019, jf. pbl. § 29-4.
- Nøyaktig storleik på areal vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

**Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedsregistrering jf. pbl § 21-9.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

*Om søknaden er i strid med offentlege føresegnar gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Oppmåling**

Saka vert oversendt Geodataavdelinga. Sakshandsamingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkellova § 35.

**Til orientering**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. 19/2211.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås kommune - eigedom

**Mottakarar:**

Statens vegvesen

Postboks 8142  
Dep

0033

OSLO